

## Økonomisk orientering

Året som har vore har vore prega av god likviditet og generelt gode tider. Vi har hatt god avkastning på bankinnskott grunna særst høg rente, og midlar har kome inn tidlgeare enn førre. Det meiste av driftskostnadane på Hyperionbilen har vore dekkja av utleigeinntekter, totalt over 45.000kr til no i år. Forbundet har hatt ein detaljplanlagt likviditet heile året, og har sjeldant hatt under 500.000kr «på bok».

Tidlegare år har løn og personalkostnadar vore dei største postane. I 2007 blei medlemstilbod den største posten, noko som er vidareført i 2008.

I 2008, som i 2007, har økonomien vore under dagleg leiging av Generalsekretær Andreas-Johann Ulvestad. Forretningsutvalet blei fjerna ved forrige Landsting, så disponeringsrett har vore i hendane til Generalsekretæren og Leiaren. Større økonomiske sakar har vore handsama av Arbeidsutvalet eller Forbundsstyret. Prosjekta Fantasifestivalen, Det Store Systemet, konferanser og Pegasus har fått økonomiske fullmakter.

Vi har i 2008 jobba med å ta igjen etterslepet på kunde- og leverandørreskontro frå 2005 og opp til 2007. Ny praksis er innført for å krevje inn medlemskontingent, noko som vil føre til mindre etterslep for dette.

### Statsstøtte

Hyperion fekk i 2006 for fyrste gong full driftsstøtte frå Barne- og likestillingsdepartementet. Aukinga var frå 781.000kr i 2005 til 1.762.000kr i 2006. Vi fekk i 2007 ei ytterligare auking, til 1.938.278 kr. I 2008 fekk vi 2.132.601kr, ei auke på 194.323kr.

Grunna til auka er innføring av nytt støttereglement. Under innføringa av støttereglementet har vi fått ei solid auke, men vi mistenker at dette vil gå nedover etter kvart som til dømes kurspoeng blir meir gjeldande.

Aktivitetskriteriet som blir innført vil vere ei stor utfordring for Hyperion. Kriteriet vil favorisere foreiningar med stor andel nasjonale kurs og seminar. Det Hyperion har av slike aktivitetar er (tidlegare) LLK og diverse småkurs. Forbundet må difor vere klar for ei aktuell nedgang i støtte dei neste åra. Senking er ikkje lenger begrensa til 10% av støtta vi fekk tidlegare.

### Frifond

Frifond er ei ordning dei fleste foreiningar i forbundet kjenner til. Hyperion er medlem av Landsrådet for Norges Barne- og ungdomsorganisasjonar, LNU, og søker kollektivt på vegne av alle medlemsforeiningar. Frifond har i år som tidlegare hatt ei lita auking, noko som har sørga for ei større tildeling enn tidlegare. Det har i år òg komme ei ekstratildeling grunna overføring av midlar frå Frifond Barn og Unge til Frifond Organisasjon (denne vi nyttar).

Frifond totalt	
2006	1.260.580kr
2007	1.402.857kr
2008	1.564.336kr

Vi fekk i 2008 1.564.336kr i Frifond, ei auke på 161.479kr frå året førre. Vi forventer å betale ut midlane til medlemsforeiningar i Hyperion rundt midten/slutten av november. Frifond blir betalt ut på slutten av året då nye foreiningar må kunne delta i tildelingsprosessen.

## **Momskompensasjon**

Momskompensasjonsordninga har vore særst gunstig for Hyperion i åra som har gått. I 2006 fekk vi tildelt 114.000 kr, og i 2007 197.410 kr. Det har vore ganske usikkert om ordninga kom til å overleve i tid framover, men momskompensasjon er lagt inn i statsbudsjettet for 2009, og det er kome signal om at ordninga òg vil vere representert i statsbudsjettet for 2010.

## **Finansinntekter og plassering av overskotslikviditet**

Gjennom året har vi plassert overskotslikviditet i Terra Skagen pengemarkedsfond, eit fond som har særst lite risiko men høgare avkastning enn vanleg bankkonto. Avkastninga på pengane vil i 2008 vere høgare enn tidlegare år sidan renta i markedet har vore særst høg. I oktober 2005 investerte Hyperion 100.000 kr av eigenkapitalen i fondet Terra BMV Østen, med 3 års bindingstid. Omrekna til årleg avkastning har det vore ei 12,36% auke i fram til juni 2008, men grunna finansproblem i austen for tida er det mogleg at vi går med tap.

## **Oppretting av aksjeselskap**

Forbundsstyret oppretta aksjeselskapet Unicorn Information Systems for å unngå meirverdavgift for Hyperion. Dette selskapet har eiga sak på Landstinget.

## **Budsjettkontroll**

Vedlagt dette dokumentet ligg budsjettkontroll for Hyperion N4F per 23. oktober 2008. I budsjettkontrollen er det verd å merke seg:

- Sidan masseutsendinga er sendt ut no, er hovudbolken av utgifter for Pegasus i år no ført.
- Avskrivningar, forsikringar, kontingentar og tap på fordringar vil bli brukt seinare i år.
- Vi går over budsjett på vedlikehald av utstyrsparken, men hadde tilsvarende høgare inntekt.
- Inntektene til Det Store Systemet er ikkje krevd inn frå Hyperion for å unngå meirverdavgift. Desse inntektene er hjå Unicorn Information Systems.
- Ein del av drifta er skilt ut i Unicorn Information Systems AS, eit selskap oppretta av Hyperion. Det vil bli levert eige konsernrekneskap som inneheld Unicornis ved Landstinget 2009.

<b>Inntekter</b>		<b>Landstinget07</b>	<b>RevF1</b>	<b>KONTROLL</b>
<b>1.1 Generelle inntekter</b>				
1.1.1	Statsstøtte – driftstilskot	kr 1 950 000,00	kr 1 950 000,00	kr 2 132 601,00
1.1.2	Statsstøtte - internasjonalt arbeid	kr 0,00	kr 5 000,00	kr 6 377,00
1.1.3	Medlemskontingent	kr 480 000,00	kr 480 000,00	kr 0,00
1.1.4	Administrasjonsandel Frifond	kr 70 000,00	kr 70 000,00	kr 82 333,00
1.1.5	Sal av varer	kr 5 000,00	kr 5 000,00	kr 320,00
1.1.6	Momskompensasjon	kr 185 000,00	kr 185 000,00	kr 0,00
1.1.7	Utleige	kr 15 000,00	kr 15 000,00	kr 46 023,00
1.1.8	Andre inntekter	kr 5 000,00	kr 5 000,00	kr 4 097,00
	<b>Sum</b>	<b>kr 2 710 000,00</b>	<b>kr 2 715 000,00</b>	<b>kr 2 271 751,00</b>
<b>1.2 Prosjektbaserte inntekter</b>				
1.2.1	Fantasifestivalen	kr 355 000,00	kr 175 000,00	kr 4 980,00
1.2.2	Pegasus	kr 150 000,00	kr 150 000,00	kr 26 290,00
1.2.3	Det Store Systemet	kr 150 000,00	kr 150 000,00	kr 0,00
	<b>Sum</b>	<b>kr 655 000,00</b>	<b>kr 475 000,00</b>	<b>kr 31 270,00</b>
<b>1.3 Andre inntekter</b>				
1.3.1	Finansinntekter	kr 5 000,00	kr 20 000,00	kr 0,00
1.3.2	Frifond	kr 1 402 857,00	kr 1 402 857,00	kr 1 564 336,00
	<b>Sum</b>	<b>kr 1 407 857,00</b>	<b>kr 1 422 857,00</b>	<b>kr 1 564 336,00</b>
<b>Utgifter</b>				
<b>2.1 Organisatorisk drift</b>				
2.1.1	Landstinget	kr 320 000,00	kr 320 000,00	kr 173 015,00
2.1.2	Forbundsstyret	kr 100 000,00	kr 100 000,00	kr 49 857,15
2.1.3	Arbeidsutvalet, komitear og arb.grupper	kr 75 000,00	kr 75 000,00	kr 38 083,40
2.1.4	Reise, diett og representasjon	kr 100 000,00	kr 100 000,00	kr 102 826,96
2.1.5	Internasjonalt arbeid	kr 10 000,00	kr 10 000,00	kr 15 697,00
2.1.6	PR og Informasjonsarbeid	kr 150 000,00	kr 150 000,00	kr 138 311,00
	<b>Sum</b>	<b>kr 755 000,00</b>	<b>kr 755 000,00</b>	<b>kr 517 790,51</b>
<b>2.2 Administrativ drift</b>				
2.2.1	Husleige	kr 75 000,00	kr 75 000,00	kr 35 015,50
2.2.2	Infrastruktur	kr 90 000,00	kr 120 000,00	kr 101 989,33
2.2.3	Personalkostnader	kr 650 000,00	kr 650 000,00	kr 525 186,69
	<b>Sum</b>	<b>kr 815 000,00</b>	<b>kr 845 000,00</b>	<b>kr 662 191,52</b>
<b>2.3 Aktivitet</b>				
2.3.1	Fantasifestivalen	kr 535 000,00	kr 355 000,00	kr 134 896,00
2.3.2	Pegasus	kr 470 000,00	kr 470 000,00	kr 303 534,00
2.3.3	Det store systemet	kr 190 000,00	kr 190 000,00	kr 189 999,20
2.3.4	Utleigeordninga	kr 60 000,00	kr 60 000,00	kr 81 233,41
2.3.5	Kurs- og seminarverksemd	kr 180 000,00	kr 200 000,00	kr 158 895,40
2.3.6	Andre prosjekter	kr 20 000,00	kr 20 000,00	kr 10 497,00
2.3.7	Frifond ordinær	kr 1 222 857,00	kr 1 222 857,00	kr 0,00
2.3.8	Prosjektfond	kr 180 000,00	kr 180 000,00	kr 70 621,00
	<b>Sum</b>	<b>kr 2 857 857,00</b>	<b>kr 2 697 857,00</b>	<b>kr 949 676,01</b>
<b>2.4 Andre kostnader</b>				
2.4.1	Avskrivninger	kr 50 000,00	kr 50 000,00	kr 25 553,00
2.4.2	Forsikringer	kr 35 000,00	kr 35 000,00	kr 26 495,00
2.4.3	Kontingenter	kr 15 000,00	kr 15 000,00	kr 15 650,00
2.4.4	Tap på fordringer	kr 10 000,00	kr 10 000,00	kr 0,00
2.4.5	Anna	kr 30 000,00	kr 30 000,00	kr 18 296,15
	<b>Sum</b>	<b>kr 140 000,00</b>	<b>kr 140 000,00</b>	<b>kr 85 994,15</b>
<b>2.5 Finanskostnader</b>				
2.5.1	Revisor- og rekneskapstenester	kr 70 000,00	kr 70 000,00	kr 67 938,00
2.5.2	Finanskostnader	kr 5 000,00	kr 5 000,00	kr 1 055,00
	<b>Sum</b>	<b>kr 75 000,00</b>	<b>kr 75 000,00</b>	<b>kr 68 993,00</b>
<b>1 Inntekter</b>				
1	Inntekter	kr 4 772 857,00	kr 4 612 857,00	kr 3 867 357,00
<b>2 Utgifter</b>				
2	Utgifter	kr 4 642 857,00	kr 4 512 857,00	kr 2 284 645,19
	<b>Sum</b>	<b>kr 130 000,00</b>	<b>kr 100 000,00</b>	<b>kr 1 582 711,81</b>